

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 186/2017**

2019/EØS/52/37

av 22. september 2017

om endring av vedlegg XVII til EØS-avtala (Opphavsrett)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/26/EU av 26. februar 2014 om kollektiv forvalting av opphavsrett og nærliggende rettar og multiterritorial lisensiering av rettar til musikkverk for bruk på nettet i den indre marknaden⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XVII etter nr. 10 (europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/28/EU) vert følgjande lagt til:

”11. **32014 L 0026**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/26/EU av 26. februar 2014 om kollektiv forvalting av opphavsrett og nærliggende rettar og multiterritorial lisensiering av rettar til musikkverk for bruk på nettet i den indre marknaden (EUT L 84 av 20.3.2014, s. 72).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i direktivet lesast med følgjande tilpasningar:

- a) I artikkel 32 i direktivet skal orda ’artikkel 101 og 102 i TVEU’ forståast som ’artikkel 53 og 54 i EØS-avtala’.
- b) EFTA-statane skal ha rett til å delta fullt ut i arbeidet til ekspertgruppa oppretta ved artikkel 41 i direktivet, og skal ha dei same rettane og pliktene som medlemsstatane i EU, bortsett frå røysterett.
- c) I artikkel 5 nr. 8 skal orda ’10. oktober 2016’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’seks månader etter den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.
- d) I artikkel 31 skal orda ’10. april 2017’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’eitt år etter den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.
- e) I artikkel 36 nr. 3 skal orda ’10. april 2016’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.
- f) I artikkel 38 nr. 3 skal orda ’10. oktober 2017’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’18 månader etter den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.
- g) I artikkel 39 skal orda ’10. april 2016’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.
- h) I artikkel 43 skal orda ’10. april 2016’, med omsyn for EFTA-statane, forståast som ’den dato den då avgjerd i EØS-komiteen nr. 186/2017 av 22. september 2017 tek til å gjelde’.”

(¹) TEU L 84 av 20.3.2014, s. 72.

Artikkkel 2

Teksta til direktiv 2014/26/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utførda i Brussel 22. september 2017.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.